

Kontortider

Vi har fast kontortid:

kvar mandag og torsdag kl. 19.00 - 21.00.

Huset leiger vi ut til ulike arrangement, som f.eks brudlaup, konfirmasjon, årsmøter, fagmøter mm. I tillegg leiger vi ut bord og stolar til privat bruk.


Kontakt oss på tlf. 43 08 08, eller kom innom i kontortida.

Når vi leiger ut huset til brudlaup og andre arrangement med servering, kan vi skaffa folk til koking og servering.

Vi kan og ta opp videofilm!

Kontaktperson for husstyret: formann Ole Moi, tlf. 43 25 50.

*OBS!
DET ER MONTERTE TELESLYNGE
I STORSALEN*



*SETT BRYTAREN PÅ HØYREAPPARATET
I STILLINGA MERKA " C "*

VARHAUG MISJONSHUS



MELDINGSBLAD HAUSTEN 1991

3. årgang

Føremålet

Føremålet med huset er:
Ved bruk av dei nådemiddel som er gitt oss i Guds ord å fremja Gudsrikets vekst i bygda, samt senda evangeliet ut på misjonsmarkene. Alt på Bibelen og den lutherske vedkjenninga sin grunn, og etter dei retningslinjer som dei fire hovedorganisasjonene arbeider etter. (Frå §2 i lovane for Varhaug Misjonshus)

Eigarar av huset

Varhaug Misjonshus er eigd av fire misjonslag. Desse er tilslutta kvar sin hovedorganisasjon:

Norsk Luthersk Misjonssamband

Formann:

Steinar Ånestad, tlf.: 43 07 67

Det Norske Misjonsselskap

Formann:

Rolf Magne Lerbrekk, tlf.: 43 00 75

Ryfylke og Jæren Indremisjon

Formann:

Per-Arvid Jakobsen, tlf.: 43 00 82

Rogaland Indremisjon

Formann:

Lars Jan Nord-Varhaug,
tlf.: 43 10 02

INNHALD

3. ANDAKT

5. NYTT FRA STYRET

7. MANNSKORET

9. 1. VARHAUG KFUM

11. BREV FRA FINNMARK

13. SEMESTERPROGRAM for Varhaug Kr. Ungdomslag

15. framhald frå side 11

17. framhald frå side 15

19. 50-ÅRS-JUBILEUM

21. HVA SKJER I MISJONSHUSET

23. framhald frå side 21

24. KONTORTIDER

Layout: Tekst & Idé, Nærbø
Trykk: Jærinfo, Bryne

ANDAKT:

Treng du lækjar?

Det står i Bibelen at tollarane og syndarane heldt seg nær til Jesus og hørde på han. Luk. 15,1. Ein dag gjekk Jesus forbi ei tollbu. Der sat det ein mann som heitte Matteus. Jesus sa til han: "Fylg meg!" Då reiste han seg og fylgde Jesus. Denne hendinga vart vendepunktet i livet for Matteus. Tenk at Jesus snakka til han. Jesus brydde seg om han. Ja, Jesus ville at Matteus skulle vera i lag med han. Folket lika ikkje tollmennene! Dei vart rekna som ureine fordi dei gjekk i teneste hos dei heidne makt-havarane, romarane. Dei vart vanvørde av jødane, og dei vart jamstilte med openberre syndarar. Matt. 9,11. Og no sa Jesus: "Fylg meg!"

Matteus vart vel både overraska og glad? Han reiste seg og fylgde Jesus. Og Matteus ville ha Jesus i heimen sin. Han laga til selskap. Den einaste gjesten som det står namnet på, er Jesus. Det var nok han som var midtpunktet. Kven var dei andre gjestene? "Og det kom mange tollmenn og syndarar og sat til bords saman med Jesus og læresveinane hans". Matt. 9,10. Det var nok ikkje alle som lika dette. Farisearane såg det og sa til lære-

sveinane: "Kvifor et meisteren dykkar ilag med tollarar og syndarar?", v.11. Det var Jesus sjølv som gav svaret: Det er ikkje dei friske som treng lækjar, men dei sjuke. Gå og lær kva som ligg i det ordet: Det er miskunn eg vil ha og ikkje offer. Eg er ikkje komen for å kalla rettferdige, men syndarar, v. 12 - 13. Desse som eg er saman med i dette selskapet, treng lækjar. Dei er sjuke. Det er derfor dei er saman med meg.

Kva sjukdom lei dei av, tru? Dei hadde synda. Dette visste dei, og derfor var dei saman med lækjaren, Jesus. Han tilgav dei syndene. Farisearane og hadde synda, men det såg dei ikkje. Derfor hadde dei ikkje bruk for Jesus som lækjar. Jesus er den same i dag. Han tek imot deg når du kjem til han. Han tilgjev synda, slettar den ut og gløymmer den. Du vert eit Guds barn.

*Den store lege nå er nær,
Vår kjære Herre Jesus.
Hans nåderøst gjenlyder her:
Å, kom i dag til Jesus!
(Sangboka nr. 142)*

Marta Bøe



HÅ REGNSKAP OG DATA A/S

Rådhusgt. 2, 4360 Varhaug

Tlf. 04 43 04 77

RUNE ODLAND

daglig leder

Privatadr.: Kråkev. 12, 4360 Varhaug

Tlf.: 04 43 06 20



SI.BYGG A/S
SKRETTING & INGBRETHSEN
 4360 Varhaug, Tlf.: 43 05 82 - 43 93 39

VARHAUG S
HANDELSLAG

Tlf. (04) 43 02 11



VARHAUG TLF (04) 430875

NYTT FRÅ STYRET

Kva skal me fortelja om sidan sist? Fyrst kan me konstatera at organisasjonane har slutta av vårsemestret. Aktivitetane på misjonshuset har ferie når me skriv veke 31 - første veka i august. Styret har gjort si oppgåve også i ferien, med kontordagar mandag og torsdag mellom kl. 19.00 og 21.00, og anna førefallande arbeid.

Dugnad

Stor dugnad, slik me er vane med, har me ikkje hatt i år. Styret med varamenn har gjort storreint i ferien. Brannndøra er måla, stoffstolane har vore ute til lufting, banking og rens av tyggegummi. Alle golv og trapper med golvbelegg er bona. Golvteppa vart utruleg fine etter delvis hard medfart i vinter. Dei verste flekkane er bytta ut med nye tepperuter. Dei andre er reinsa med ny type tepperens frå Halvorsens Fargehandel. Som sagt tykte me at resultatet vart over all forventning.

Styret har før ytra ynskje om meir bruk av matsal, ved servering av brus, kaffi, sjokoladekaker o.a. Prisen er av den grunn subsidiert. Kjøkken saman med servering i matsal kostar kr 325. Elles kostar kjøkken kr 350 og matsal kr 125, til saman kr 475. Det vert sjølvsagt opp til brukarane korleis utstyr, inventar og roma skal presentera seg i framtida.

Styret brukar mykje tid på planane som kom fram på sist årsmøte. Det same gjeld for å få varmeanlegg til å fungera betre, i tillegg til vanlege styresaker.

Teleslynge

Denne er til bruk for dykk som nyttar høyreapparat. Du kan skrue ditt eige apparat opp til C, så virkar det. Bruksanvisning i "glass og rame" til høgare for inngangsdøra til storesalen. Like ved songbøkene.

Basaren

Hovedtrekning i veke 39, 27. og 28. sept. Styret vil i år og vitja heimane i bygda med loddbøker i veke 37. Me håpar på same godvilje som tidlegare år. Me lovar mange fine gevinstar. Gevinstar frå foreiningar og einskildpersonar vert mottekne med takk.

Funne

Etter ungdomslaget sin konsert søndag 12.5. vart det funne ein nøkkel. Den kan hentast på kontoret. I første halvår var det fleire brudlaup/selskap. Styret har fått mange lovord om kor godt lokala eignar seg til slik bruk. Styret skaffar også kokke og serveringshjelp til dei som ynskjer det. Så skal du ha større selskap enn det du kan ha heime, så er misjonshuset tilbodet. Neste nr. av bladet kjem ut etter årsmøtet, truleg i første halvdel av mars 1992.

R. Skretting

SLAKTERFORRETNING

Telefon (04) 43 02 16

Bankgiro 3335.05.20363

Bohus **STUELAND**

SANDNES: VÅGSGT. 7, VIS Å VIS SVEN KVIA BILFORRETNING. TLF. 66 55 50

VARHAUG: TLF. 43 00 77

EGERSUND: BØESENTERET. TLF. 49 00 11



Terje N. Gya

DISEL - FYRINGSOLJE - PARAFIN

Meisvegen 4
4360 VARHAUG
Tlf. (04) 43 06 51
Mobil 090 73 796

MANNSKORET



I koret går menn frå 23 år og oppover til langt over 50, me er ca. 15 stk. Me øver på Misjonshuset annankvar tysdag frå kl. 20.30 til 21.30. Øvinga vert hard den timen, og det er ikkje uvanleg med sår hals når ein går

heim. Songane vert kjøpte frå Concordia.

Me syng mest her på Misjonshuset, men reiser og noko utanbygds. Det er ei glede å få syngja om Herren. Koret ser gjerne at fleire kjem og er med oss.

INNBRUDDSSIKRING

med F.G. godkjente låser. Reparasjon av dører og vinduer - alt i beslag - låssystemer - dørlukkere - garasjeportåpnere levering og montering.

RING:

Tlf.: 43 06 19, Mobil: 090 44 361


Audun Sleire

ROGALAND LÅS
BESLAG SERVICE





Brit Jane Varhaug
EINERVEGEN 3
Tlf.: 43 07 57



Salg og montasje av betongelementer

NYTT GJØDSELLAGER?
SPØR OSS!

Tlf.: 43 06 44



BYGGMESTER
Mindor Skretting
— Dublandsveien 13, 4360 VARHAUG —
Telefon (04) 43 01 27 Autm. Mobil tlf. 094-77 885

1. VARHAUG KFUM



På bilete ser de ein glad gjeng. Me er på landsleir i Mandal i fjor. Sidan starten i 1950 har over 300 gutar vore speidarar i 1. VarhaugKFUM-speidargruppe.

Me held til på loftet på Misjons- huset. Der har me tre patrulje- rom og eit leiarrom. Dette er i minste laget, så me brukar og eit rom til. Når me har troppsmøte, samlast me alle i Ungdomssalen. Onsdag er møtedag for oss. Me samlast kvar onsdag. Mykje av det me føretekk oss, skjer i patrulje- samanhang. Ein patrulje har ein patruljeførar, ein assistent og 4 - 6 andre. Heile troppen tel 30 - 35 gutar og nokre leiarar.

Vi treng fleire som vil bruke tid saman med gutar. Det er ikkje noka krav at ein må ha vore speidar før. Har du lyst til å gje-

ra ein innsats blant born og unge, er det bare å ta kontakt, eller stikk innom ein onsdagskveld i tida 19.15 - 21.00.

Moro og meining heng saman. Gjennom speidarprogrammet ynskjer me at den enkelte skal få oppleve mykje, læra å klara seg sjølv, ta ansvar og læra samar- beid med andre.

Gjennom andaktar, samtalar og opplevingar vil me at den enkel- te skal få vita kva kristen tru er. Målet vårt er at den enkelte skal koma til personleg tru på Jesus.
Per Åge Skretting

P.S. Me har ein redigert video- film frå landsleiren i Mandal. Den er til låns om tidlegare speidarar eller andre ynskjer å sjå korleis me hadde det. D.S.

- en god kontakt på Jæren

**Aanestad
Elektro as**

Tlf. (04) 43 75 33 - Vakt 060-73736




Gjertrud Damefrisør

Pileveien 2
Tlf.: 43 02 87



SKAL DU GRAVE?
KONTAKT


ERLING AUESTAD
MASKINENTREPRENØR



Alt innen graving
Tlf 43 08 78 - VARHAUG
Mobil tlf.: 090 77 079

DER HVOR SOLEN ALDRI GÅR NED

Slik en overskrift kan en sette på brev fra Finnmark i denne tiden. Rett nok er det ikke alltid slik, men nå kan vi glede oss over lyset. Varmen lar vente på seg, men den kommer nok.



I disse dager er *Utsikt over Sautso, Alta-elva, Nord-Europas største canyon.* det fiske i Alta elven som er det store for mange her. Håpet om å få storlaksen på kroken drar mange til elva. Det er fritt fiske fram til St. Hans. Mange "søringer" er bitt av elva og håpet om storlaksen. Jeg har prøvd meg, men har enda ikke fått noen laks på kroken. *TIL side 15*

B ESPEDAL BLIKK
4360 VARHAUG • TLF. (04) 43 07 17
Mobil 090 - 46 175

BRØDRENE RISA

Grustak - Skretting
Tlf: 04-43 37 99



STATOIL

Trond-Jan Ueland

Forhandler

Statoil Service Varhaug

Varhaug Autosenter
4360 Varhaug
Telefon 04 - 43 03 15
Telefon privat 04 - 43 92 64

ODLAND A/S

4360 Varhaug

Tlf. (04) 43 09 59 — 090 47 444

Forskaling og støyping
Betong- og trearbeid
Salg og montering av element
Armering — Tegning

Byggmester

TRON STOKKELAND

Alt i nybygg og reparasjoner.

Tlf.: 43 00 17 Mobil: 090 77 130

SEMESTERPROGRAM - HAUSTEN 1991

Varhaug Kr. Ungdomslag

Motto: Ungdom for Kristus

AUGUST

- 17.: Teltmøte
31.: Semesteråpning

SEPTEMBER

- 21.: Pizza-kveld
27. - 29.: Bibel-helg

OKTOBER

- 12.: Bønne- og vitnemøte
19.: Ost

NOVEMBER

- 23.: Stor-kveld
30.: Israel-kveld

DESEMBER

- 7.: Sein seinsommar-kveld
14.: Temakveld
21.: Grautfest
29.: Juletrefest
31.: Nyttårsfest

Samlingskveld
hver fredag
på "loftet".

Bønnestund
før de fleste
arrangement kl 19.30
Se plakataner!

Du er
hjertelig
velkommen
på
møtene våre!



TEPPE- OG TAPETSENTERET PÅ VARHAUG OG VIGRESTAD

Halvorsen's fargehandel

4360 Varhaug — Tlf. 43 05 97
4362 Vigrestad — Tlf. 43 73 89



Leif Arne Tjensvoll

Gulvlegger

Tepper og gulvbelegg.

Tlf.: 43 03 98 / Mobil: 090 42 564

Betongelementer

til driftsbygninger, uthus, bolighus, m.m.



HÅ ELEMENT A-S

Postboks 120, 4360 Varhaug
Tlf. 04/43 07 88 Priv. 04/42 04 39

SPESIALUTSTYR I BORING

Kjerneboring - Kiling - Betongsaging v/G. - Minigraver - m/meisleutstyr for fjøs og kjeller.
Traktorgraver - også m/meisleutstyr.
Skurtresking - Pressing - Ballevogn - Vakumvogn m.m.

EGIL HÅLAND

4360 Varhaug, Tlf. 43 04 94, Mobil 090 46 25 55

Fraside 11: "Der hvor solen aldri går ned"

Når vi først er inne på fiske, kan vi jo fortsette på det emnet. Denne våren har jo torskefisket vært veldig bra. Det er bare kvotene som har hindret fiskerne i å ta opp så mye fisk som de ville. Det er mange år siden det har vært slik, sier de som har peiling på det. Fisket betyr mye for folk i distriktet rundt Alta. Der er det fiske og litt jordbruk som de lever av.

Jeg er distriktsprest i Alta Indremisjon. Mest tid bruker jeg i Alta, men det medfører og at jeg reiser mye rundt omkring i distriktet. Det er spennende å bli kjent med folk

og høre både om historien deres og lære om kultur og levesett.

Mange av de eldre er levende historiebøker som har opplevd det mest ufattelige. Ikke minst for meg som ikke har opplevd krigen, er det mye spennende å høre. Hele Finnmark ble brent under krigen, og de som bodde her, ble evakuert sørover. Noen var huleboere (de skjulte seg i fjellet) og det var ikke bare lett å klare seg en vinter ute uten skikkelig hus. Tyskerne gjorde grundig arbeid når de brente.

Som predikant kommer en i kontakt med mange forskjellige folk. Det

TIL side 17

LOVISE'S FOTKLINIKK

Klokkerv. 12, 4360 Varhaug

Off. godkjent fotterapeut
medl. av N.F.F.

Behandlingstilbud:

- Alminnelig fotpleie
- Fjerning av torner/hard hud
- Vortebehandling(frysemetode)
- Nedgrodde negler (reg. negler med bøylebeh.)
- Fotmassasje
- Salg av helsesko, fotkremer m.m.

Timebestilling:

man.: 9 - 19, tirs.-ons.: 8 - 16
Tlf.: 43 05 08

**Erik Håland
Maskin A/S**

**AUTORISERT
ENTREPRENØR**

**Graving
Transport**

**Kloakkarv. 12
4360 Varhaug**

**Telefon
(04) 43 05 08**

**Mobiltelefoner
(090) 75 446 - 44 505 - 44 402**

Velkommen til

Liv Karin's

HÅRDESIGN

FOR DAMER OG HERRER
Innehaver
Liv Karin Tjensvoll
Aut. hårolag
Skulegaten 11, 4360 Varhaug
Tlf. 04 - 43 10 18





Block Watne

Hus det er godt å komme hjem til.
Jernbanegt. 8, 4340 Bryne — Tlf. 48 26 77

☐ Ja tak, send meg brosjyren
☐ Jeg ønsker informasjon om samarbeidet
Navn _____ Adresse _____ Postnr. Areal _____ Tlf. _____

HÅRØR'S

AUTORISERT RØRLEGGERFIRMA
4360 VARHAUG



Lobekk & Lobekk

Svein Lobekk Tlf.: 43 09 99
Egon Lobekk Tlf.: 43 04 15
4360 Varhaug Mobil: 090 47 857

Fraside15: "Der hvor solen aldri går ned"

er spennende, men og slitsomt. Men budskapet om Jesus er det beste en kan komme med. Det er ikke så

ne- og ungdomsarbeid er og knyttet til bedehuset her. Mesteparten av min arbeidstid bruker jeg her som



Kari og Jon Aarsland med Siri og Jofrid på tur v/Alta-elva, Sautso.

store flokker som kommer til møte rundt omkring i de små bygdene, men så er det heller ikke så mange som bor der heller lenger. Når jeg er rundt, pleier jeg å gå på husbesøk og på fiskebruket for å treffe folk der de er. Det er ikke så ofte de har møte, så de setter stor pris på oss når vi kommer, de små og trofaste flokkene.

Men her i Alta har vi et stort og nytt bedehus med en indremisjonsforening på 65 medlemmer. Noe bar-

forkynner, administrator og i besøkstjeneste. Ensomhet er et problem overalt, og ikke minst her som mange har ungene sine sørpå. Det blir lange dager for mange. Jeg prøver å nå noen, men behovet er enormt.

Jeg tror at kristen nestekjærlighet, diakoni, i praksis er den store

utfordringen for oss framover. Der er det et udekket behov for omsorg som bare vil vokse. Vi må gå inn og hjelpe og vise Jesu kjærlighet i praksis. På den måten vil Kristi kirke leve og vokse. Det enten det er i Alta eller på Varhaug. "Hans kjærlighet faller aldri bort" "Vi elsker fordi han elsket oss først" 1. Joh. 4,19.

Beste hilsen

Jon Aarsland, Alta

Sentrum salongen

DAMEFRISØR
HERREFRISØR
ORIG. WOLFF SOLARIUM
Melievelen 13 Telefon : 43 11 02



Rogalandsmeieriet

Nærbø Meieri

4350 NÆRBØ

Varhaug Servicenter

Øvestad og Gya

Tlf. (04) 43 02 33

4360 Varhaug



A. Auestad A/s

4360 VARHAUG

Ole G

Nord Varhaug & Co a.s

Dublandev., 4360 Varhaug
Tlf. (04) 43 02 44

- STÅLKONSTRUKSJONER
- SVEISING
- MASKINERING

50-ÅRS-JUBILEUM

Hentet fra Kyrkjelydsbladet for Hå nr. 3, 1991.

Varhaug Kr. Ungdomslag feira 50-års-jubileum laurdag 20. april. Festen var gild, og det møtte opp mykje folk frå heile bygda. Alle dei tidlegare formennene var spesielt innbedne, og heile 26 stk. av dei var til stades.

Leon Dyngeland tok ein runde med mikrofonen og snakka med ein del av dei, og vi fekk del i mange festlege hendingar.

Asbjørn Stueland vart spesielt intervjuet, sidan han var formann då ungdomslaget vart starta. Han hug-

sa mykje frå den fyrste tida, og vi fekk oss mang ein god latter.

Mikal Landro stod i vekkelse på Varhaug våren 1941, då ungdomslaget vart starta som eit resultat av denne vekkelsen. Landro var til stades på festen med tale og litt historikk.

To kjempestore festkaker var laga i stand, - og elles var det helsingar og song av ungdomskoret. Det var ein stilig og fin jubileumsfest.

Gunnar Husveg



Formennene 1941-1991

**BLOMSTER OG GAVER
TIL
ALLE ANLEDNINGER**

- Dekorasjoner
- Buketter
- Kransar/båredekorasjoner
- Brudebuketter
- Grønne og blomstrande planter



Tlf.: 43 03 25
STORT UTVALG I
TØRKA BLOMSTER OG
TØRKA DEKORASJONAR

SLÅING, PAKKING

OG PRESSING

av høy, gras og halm

Ervin Skretting

Tlf.: 43 03 89 / 090 44 268

**Erik og Kristian
Aarsland**

060 72 377

TRYGVE HÅLAND

**Lastebil transport m/kran
Transport og sprengning av skjellsand
Boring og spengning
Låvetørka høy**

Tlf.: 43 08 47 / Mobil: 090 42 612

ARNE PRIMSTAD

4360 VARHAUG - Tlf.: 43 05 14 / Mobil: 090 47 068

Belegningsstein - Hagearbeid

Natursteinmuring - Asfaltering - Håndgraving - Plantebeskjæring
Minigraver - Minicontainere - Comp.-laster - Transport

Kva skjer i Misjonshuset?

Den beste måten å fylgja med i kva som skjer på Misjonshuset, er å sjå etter oppslag i "ramen" v/Varhaug Handelslag, og i Kyrkjelydsbladet. Det er og ei tavle i gangen på Misjonshuset.

I tillegg til møteveker, basarar, bibeltimar, fagmøter, konsertar osv., er det mangt som føregår regelmessig. Vi nemner her:

Kor (øving: Misjonshuset)

Minikoret

Øving kvar tysdag kl. 16.30

Alder: 5 - 9 år

Kontaktperson: Gudrun Tora Norli

Husveg, tlf.: 43 08 65

Varhaug mannskor

Øving annakvar tysdag kl. 20.30

Kontaktperson:

Jens Ånestad, tlf.: 43 02 78

Kor (øving: Varhaug ungdomsskule)

Yngreskoret

Øving kvar måndag kl. 18.30-19.30

Alder: 10 - 13 år / 4.-7. klasse

Kontaktperson:

Borgny B. Skretting, tlf.: 430568

Ungdomskoret

Øving kvar tysdag kl. 18.30

Alder: over 14 år / 8. klasse

Kontaktperson:

Njål Omland, tlf.: 43 10 57

Støtt annonsørane våre

Konfeksjonsforretning og auksjoner:



STOR SOM SMÅ
ALLE SKAL FÅ
KLÆR SOM SITTE KJEMPEGODT PÅ

**UELAND
STORMAGASIN**

VARHAUG - Tlf. 04 - 43 07 77

Dame- og Herrekonfeksjon - Varhaug



JÆREN AUTO AS

Import og salg av Biler og Bildeler - Bilverksted - Bilrekvisita
4360 VARHAUG - Tlf. (04) 43 04 22 - Telefax (04) 43 07 73



Kvalitetsmerket
for gardsdrifta

Felleskjøpet

VALMET



AVD. VARHAUG
Tlf.: 04 - 430022
om kvelden

Nils Husveg tlf.: 04 - 430978
mobiltelefon.: 090 76009
Jørn Skretting tlf. 04 430832
mobiltelefon 090 76017

BYGGMESTER
Jon Harald
Håland a.s



Kydlandsv. Tlf.: 43 07 70, Telefax 43 06 42
Privat, tlf.: 43 05 03

FRAMHALD frå side 21: "Kva skjer i Misjonshuset?"

Andre lag (på Misjonshuset)

Yngstes

Annankvar måndag kl. 17.30.

Alder: 2.-4. klasse

Kontaktperson:

Karin M. Lerbrekk, tlf.: 43 06 91

NMS gutelag, tre og metall

Annankvar torsdag kl. 19.00

Alder: frå 4. klasse

Kontaktperson:

Sjur Håland, tlf.: 43 00 73

Yngres

Annankvar måndag kl. 19.30

Alder: 5.-7. klasse

Kontaktperson:

Per Arvid Jacobsen, tlf.: 43 00 82

Tennpluggen

Annankvar torsdag kl. 19.00

Gutar frå 6. klasse

Reparasjon av sykklar, mopedar og anna "mekking".

Kontaktperson:

Terje Skretting, tlf.: 43 00 89

Veslegreina jentelag:

Annankvar onsdag kl. 16.30

Kontaktperson:

Rakel Ånestad, tlf.: 43 01 14

Varhaug Kr. Ungdomslag

Samlingskveld kvar fredag kl. 20

Ungdom frå 7. klasse

Kontaktperson:

Njål Omland, tlf.: 43 10 57

Speidaren: 1. Varhaug KFUM

Kvar onsdag kl. 19.15

Gutar frå 5. klasse

Kontaktperson:

Per Åge Skretting, tlf.: 43 05 68

Rolf Ueland, tlf.: 43 25 68

Søndagsskule

Kvar søndag kl. 10.00

Fleire grupper frå 3 år og oppover.

Kontaktperson:

Asbjørn Dyngeland, tlf.: 43 04 75

Det vert elles laga eige program for kvart semester.

Kontaktperson: Leon Dyngeland